



SANDE KOMMUNE

MØTEPROTOKOLL

Utval: Kontrollutvalet
Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset
Dato: 02.12.2015
Tid: 08.00 – 10.40

Faste medlemmar som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Olav Myklebust	Leiar	
Linda Solveig Dyrhol	Nestleiar	
Wenche Gjerde Sætre	Medlem	
Aina Strand	Medlem	

Faste medlemmar som ikkje møtte:

Namn

Asbjørn Støylen

Varamedlemmar som møtte:

Namn

Torbjørn Rekdal snr

Frå Vest kontroll møte:

Namn

Stilling

Jostein Støylen

Dagleg leiar

Frå Søre Sunnmøre kommunerevisjon IKS (SSKR IKS):

Namn

Stilling

Halldis Moltu

Oppdragsansvarleg revisor

Frå kommuneadministrasjonen og politisk hald møte:

Namn

Stilling

Asle Giske

Rådmann. I sak 44

SAKLISTE

Saksnr	Innhald
41/15	GODKJENNING AV INNKALLING AV SAKLISTE
42/15	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
43/15	GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015
44/15	ORIENTERING VED RÅDMANNEN
33/15	SANDE NÆRINGSFORUM – ORIENTERING OM RETNINGSLINER FOR TILDELING
45/15	UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

SAK 41/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE

Samrøystes vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAK 42/15 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 12.11.2015 vert godkjent.

SAK 43/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLAR 2015

Møteprotokollar til gjennomgang:

Kommunestyret	22.09, 14.10., 27.10, 03.11
Formannskapet	22.09, 03.11, 24.11
Næring-, teknisk og miljøutvalet	24.11
Helse- og oppvekstutvalet	24.11
Ungdomsrådet	03.11
Arbeidsmiljøutvalet	15.09, 02.10, 24.11
Sande næringsforum	02.09

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknader til gjennomgådde møtebøker.
2. Kontrollutvalet registrerar at alle protokollane ikkje er med og/eller utsende/lagt på nettet, og ber sekretariatet ta opp tilhøve med kommunen for at alt skal vere tilgjengelig.

SAK 44/15 ORIENTERING VED RÅDMANNEN

Vedlegg

1. Økonomirapport 1-2015
2. Oversikt over høgrente fond – bankkonto – frå revisjonen. Dat. 04.11.2015
3. Orientering om «medieoppslag om «sparepengane til Sande kommune»» frå tidlegare rådmann i Sande Asbjørn Moltudal. Dat. 11.11.2015.

Saksopplysningar

Rådmannen orienterte om kommunen sin økonomiske situasjon og arbeidet for reform og omstilling som er sett i gong. Vidare viser han til budsjettforslaget for 2016.

Det er ikkje ført i møteprotokollen frå kommunestyret den 28.04.2015 at det vart orientert om bruken av bankkontoen for «fondsmidlar», men i sak 17/15 Økonomirapport 1. kvartal siste setning står det: «Ved framlegging av økonomirapporten som referatsak i neste møte i Driftsutvalet, skal oversikt over fond og kommunen sin sparekapital inngå i rapporten.»

Rapporten som var datert 12.05.2015, vart laga av dåverande rådmann og sendt til ordføraren for å verte referert til driftsutvalet, formannskapet og kommunestyret.

I kontrollutvalsmøtet kom det også fram opplysningar om at rådmannen tidlegare har orientert munnleg i politiske møte om bruken av nemnde midlar til likviditet.

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek til vitende orienteringa frå rådmannen vedkomande den økonomiske situasjonen til kommunen og omstillingsprosessen som er sett i gong.
2. Når det gjeld disponering (bruk) av midlar som vart teke ut frå fond og innsett på «bankkonto høgrente fond», registrerar kontrollutvalet at det kunne ha vore betre kommunikasjon mellom rådmannen og politikarane for uttaka han gjorde til likviditetsbruk.
3. Rådmannen sin måte å handtere den vanskelege likviditetssituasjonen på, ved å føre over midlar frå «bankkonto høgrente fond» til brukskonto, har vore til positiv økonomisk vinst for kommunen. Alternativet hadde vore å ta opp likviditetslån til høgare rente enn tapet av renteinntekter på bankkontoen til «fondsmidlane»
4. Kontrollutvalet kan ikkje sjå at det er gitt skriftleg orientering om bruken av bankkontoen. Utvalet meiner det er viktig at orienteringar frå rådmannen og andre vert ført i møteprotokollane.

SAK 33/15 SANDE NÆRINGSFORUM – ORIENTERING OM RETNINGSLINER FOR TILDELING

Vedlegg

Lokale retningslinjer

Retningslinjer for RDA frå Møre og Romsdal fylkeskommune

Retningslinjer kommunale næringsfond 2013

Forskrift for distrikts- og regionpolitiske virkemidler og retningslinjer

RDA tilsagn 2014 Sande kommune

EØS reglar

Rapport om kommunal virksomhet i lys av EØS-avalens statsstøtteregler

Saksopplysningar

Dagleg leiar i Sande næringsforum skulle orientere om retningslinjer for tildelingar.

Han gir melding på møtedag (14.09.2015) om at han ikkje kan møte grunna kurs.

Dagleg leiar møtte heller ikkje opp i dagens møte.

Samrøystes vedtak

Saka vart utsett.

1. Kontrollutvalet konstaterer at dagleg leiar ikkje møtte trass innkalling av 09.11.15 og 25.11.15.
2. Kontrollutvalet er ikkje i stand til å behandle saka utan dagleg leiar si orientering.
3. Kontrollutvalet forventar at dagleg leiar møter når han vert innkalla. Dersom han ikkje møter på neste møte vil utvalet rapportere om det til kommunestyret.

SAK 45/15 UNDERSKRIFT AV MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Linda Dyrhol.

Møtet slutt.

OLAV MYKLEBUST

LINDA DYRHOL

UTSKRIFT TIL:

KOMMUNESTYRET SOM MELDING
KONTROLLUTVALET FOR GODKJENNING I NESTE MØTE
RÅDMANN
ORDFØRAR